



Møtereferat

Forfall	Elevrådet, Anna Blawat (vara: Ida Kristin Vestersjø Tandrevoll)
Referent	Jarand Mikael Larsen-Rodvelt Sjernarøy oppvekstsenter
Saksref.	2025/261694-3
Dato	29.09.2025
Møtedato/-tid	29.09.25 klokka 19.00

Møtereferat

Saksnr.	Beskriving	Ansvarleg
1	Sakar frå elevrådet Elevrådet har meldt avbod, men kome med ei sak via avdelingsleiar/sekretær for utvalet: - Ønskje om teaterklubb (fritidsaktivitet). Elevrådet vil ta dette opp neste SU-møte.	
2	Fast sak frå årshjul: Godkjenning av årshjul for heim-skule-samarbeid. Årshjul heim-skule-samarbeid: - Stryke at ein skal velje representantar for neste år i april/mai. Dette skal bli vald på foreldremøte i september.	Datoar for arrangement vil bli fastsett rett over haustferien (JLR).

	- Ønskjeleg at ting som skal skje (t.d. joleavslutning) blir datofesta tidleg.	
3	Fast sak frå årshjul: Økonomi/budsjett/lærarkabal. Stavanger kommune har kutta 1,5%. Ingen investeringar utover hausten. Tilsettingskontroll – strengt mtp tilsetting. Får ikkje nødvendigvis tilsette om nokon sluttar/permisjon/sjukefråvær. Ønskje om påminning over kven som jobbar kor, Jarand sende ut info på nytt. Vanskeleg å få tak i god ringevikar i barnehagen.	
4	Sak frå FAU: Gjerdet rundt fotballbanen. Spørsmål om gjerdet rundt fotballbanen, kan det skiftast ut, gjerast høgare, sterkare og så vidare? Det er nettopp reparert. Kan melde inn til VOF (varsleomfeil.no) om feil/manglar på uteområde. Ønskje om port er meldt inn fleire ganger, finner ikkje igjen varselet no.	SU sende brev
5	Sak frå FAU: Reinhald på skulen Frå 9.oktober går me ned til 56,67% reinhaldarstilling. Kommunen har INSTA-800 som bereknar kor mykje og ofte ein skal ha reinhald. Dette har vore standard i kommunen i mange år, og er no innført på Sjernarøy i samband med at noverande reinhaldar går av med pensjon. Barnehagen og skulen skal bruke meir tid på reinhald	

	sjølv. Det blir ei forandring for alle, men noko som andre skular og barnehagar allereie har innført. Lag og foreiningar som skal leige etter 9.oktober må vaske godt/skikkeleg etter seg. Ved skittent/behov for ekstra reinhald, vil det bli fakturert. Avdelingsleiar skal få på plass rutinar kring dette.	
6	Sak frå skule: Ønskje om hjelp til å søke midlar til vegger til gapahuken (grillhuset) Halvvegger/brystvegger på dei to sidene mot sjøen. Er ukoseleg å bruke det i vær og vind.	
7	Sak frå forelder: Spørsmål til SU om sommarstengt barnehage (sjå vedlegg) SU svarer forelderen i eige brev om kvifor. Punkter: - Ikkje moglegheit for å slå saman avdelingar, som andre barnehagar. - Rutine frå Finnøy kommune. - Barn skal uansett ha 4 veker ferie, der minimum 3 av desse vekene skal vere samanhengande på sommaren. Om det eventuelt skulle bli eit ønskje om å gå nedtil 3 veker feriestengt, i staden for 4, er dette noko administrasjonen kan gjere ei konsekvensutgreiing på, etter førespurnad frå SU. FAU melder i så fall dette inn som sak.	Avdelingsleiar skriv svarbrev, sender til leiar i SU som sender dette til forelderen.
8	Sak frå barnehage/SFO: Stengt barnehage og SFO på julaften og nyttårsaften? Me har hatt fleire jolaftnar og nyttår der me har hatt ungar som har sagt dei kjem, men så dukkar ikkje ungane opp. Det krevjast 2 tilsette på jobb, uansett	

	kor få barn som kjem (minimumsbemanning grunna beredskap/tryggleik). Det er fleire gangar me har hatt barn der foreldra har sagt dei skulle komme i SFO/barnehage, men ikkje har dukka opp. Det var ingen der i fjor, t.d. SU vedtek at barnehage og SFO blir heldt stengt julaftan og nyttår.	
9	Eventuelt: - Ønskje om meir utgreiing i sakslista til neste møte, så ein kan førebu betre. - Ønskje frå FAU om at det blir laga prioritert liste om ønskje om kva oppvekstsenteret vil ha midlar til. Skulen/barnehagen kan skrive ønskeliste, så kan FAU søke om dette. - Grendahusdelen: ønskje om kjølerom? Dette er noko grendalagene kan ta tak i om dei ønskjer å få dette tilbake. Info frå Jarand at dei to store kjølene vil bli reparerte igjen for skulen sin rekning.	